

# Me og dei andre: Om lindukar, Framstegspartiet og bygda som sosial konstruksjon

*Bjørn Egil Flø*

Norsk senter for bygdeforskning

I denne artikkelen drøftar eg den nye distriktspolitikken. Med utgangspunkt i ei tilsynelatande uvesentleg «løesak», syner eg korleis trua på iscenesetting av det lokale og tilbod av distingverande symbolprodukt for den velstående middelklassa har fått innpass i forvaltinga og prega den distriktspolitiske satsinga dei siste åra. Eg er oppteken av kva tankar og idear denne satsinga er tufta på og ikkje minst kva konsekvensar det kan få ute i bygdene. Implisitt i artikkelen ligg spørsmålet: kven utviklar me bygdene for? Dei nye satsingane kan fort skape nye og djuptgripande ideologiske spenningar – spenningar mellom grunnleggjande syn på kva bygda er og kva den skal vere – spenningar mellom den vellukka middelklassa og dei andre.

**Nøkkelord:** Ruralitet, bygdeutvikling, kommodifisering, kulturell motstand

## Us and the others

This article discusses new rural policy. Based on an apparently insignificant case of an old barn, it is shown how an almost blind belief in the power of staging the local has made its way through the management to dominate rural policy in recent years. The origins of these ideas and the consequences they may have for the countryside and the rural communities are discussed. Implicit in the article is the question: who is rural development meant for? The new initiative may quickly create new and profound ideological tensions between the successful middle class and the others about what the rural is and what it should be.

**Key words:** rurality, rural development, commodification, cultural resistance

Det står ei løe i heimbygda mi. Ja, det står mange løer der, men eg har lyst å snakke litt om nett denne eine. Den vert kalla Bysgardløa, og høyrer til nettopp Bysgarden – altså «bytesgarden» mellom Ytreflø og Midtflø. Det er lenge sidan no at han Sigurd og ho Signe avslutta drifta der og far min tok i bruk jorda som leigejord – det må vel vere nær 40 år sidan det no, trur eg. Framover mot 2000 vart det klart at etterkomarane ønska å selje jorda, og det vart naturleg for bror min å kjøpe. Med på kjøpet fylgde også den gamle løa. Dei siste 30 til 40 åra hadde den mest vore nytta som lagerplass for alt mogleg skrot som framleis sorterte under kategorien «kjekt å ha», for sidan løa stod der og taket enno var

tåleleg tett, kunne det stuast inn der til så lenge. Men etter kvart trong løa vesentleg vedlikehald, og saman med to andre eldre løer pluss ein handfull uthus og sumarfjøsar var det rett og slett ikkje løyseleg for bror min og dottera å hanskast med Bysgardløa lenger.

Hausten 2005 leverte dei søknad om riving. Som ho sa, dottera til bror min: «Eg ville berre verte kvitt litt dårleg samvit, eit vitnesbyrd om alt arbeidet me ikkje rekk over». Verst var det kvar gong ho såg at vinden hadde fere med enno ein del utav veggjen. Det var gjerne vårane ho såg det best, medan ho svinga kring novene med gjødselen. Ho var så lei av alle svingane mellom desse ubrukelege bygningane, og verre var det med ein fôrhaustar på sida. No gledde ho seg til ho fekk svaret på søknaden og kunne få fjerna løa. «Slik den står no», sa ho, «er den einast til skam og vitnar om vanskjøtsel».

## Svaret

Svaret kom fyrst langt utpå sumaren 2007 og var heller nedslåande. Ut ifrå brevet kjem det fram at kommunen hadde sendt saka til høyring hjå Fylkeskonservatoren, og han har fråråda riving. Konservatoren gjorde, ut ifrå to bilete søkaren hadde lagt ved søknaden, ei vurdering og kom fram til at løa var mogleg å berge. Vidare spekulerte han på kva slags hus som er hengt på og meinte at nettopp det huset var særleg interessant.

«Det var då voldsomt for eit nummer han gjer ut av Güllik-Ola-stova då», seier bonden medan ho ristar på hovudet. «Dei kunne då berre ha teke ein telefon til kva fløssing som helst og fått vite at tilbygget einast er eit utrangert bustadhus som vart flytta hit og nytta som dass og grisehus».

Men mest interessant er likevel ordlyden Fylkeskonservatoren nytta i brevet. For hovudgrunnen til å bevare løa er ikkje at den er SEFRAK<sup>1</sup>-registrert eller fell innanfor dei automatisk freda kulturminna. Heller ikkje at den er særskild interessant sett ut frå eit bygningsteknisk perspektiv eller at den på nokon måte er unik, samanlikna med dei andre løene som står kring om i dei sunnmørske grendene. Nei, hovudgrunnen til å bevare løa er at «Flø er ein svært spennande stad ...». Og vidare seier konservatoren: «Med tanke på turisme har Fløstranda (altså Flø) ... stort potensial for å bli ei riktigt perle».

Vidare går konservatoren utanlands og meinar at «[n]ordmenn verdset dei kvite, tette og kronglete greske byane på øyane der», for so å trekke inn «Aidensfield ...» som «... sel stort i turismesamanheng i Storbritannia, og sjølv kalde Svalbard er ein stor attraksjon», for til slutt å hevde at «Fløstranda er ein slik stad der-

som godt vertskap tek imot». Derfor kan altså ikkje Fylkeskonservatoren tilrå riving.

«Dette er då vanvit», sa ho og såg på meg. Dei blanke augo vitna om ei undertrykt kjensle av maktesløyse og fortviling.

«Kva er det dokke tenker på?» spurte ho meg.

«Dokke?»

«Ja, dei er då sånn som deg alle i hop, universitetsutdanna forståseggpåarar som har gått seg fast i ei fantasiverd og trur det går an å leve av å selje såpe og lindukar frå ei gamal løe i sørvestkuling og regn».

## Frå kuling til Moods

Ho har heilt rett, dottera til bror min, det er mykje sørvestkuling og regn på Flø. Slik sett har det også vore eit av dei mest stabile varemerka for bygda Flø, ytst i Ulstein kommune på Sunnmøre. Var det styggevær, kom ulsteinvikarar og hareidsdølar i bilane sine for å sjå på storbåra som rulla mot land med full kraft. Bortsett frå det var Flø berre ei av fleire grender i Ulstein kommune. Men til forskjell frå dei andre grendene fekk ikkje Flø byggefelt. Til gjengjeld hadde me ordføraren, noko enkelte vonde tunger meinte var grunnen til at byggefeltsaka vart trenert i nær 30 år. For den einaste realistiske plasseringa av byggefeltet ville visst ta ein flik utav jorda til nettopp ordføraren, og dermed vart det ikkje beinkløyvd å få regulert for bustadbygging.

Og medan folket kranpla om byggefelt, forsvann grunnlaget for både skule og butikk og dermed også dei viktigaste sosiale møteplassane i grenda. Som ein logisk konsekvens av det, endra Flø også mykje av sin karakter som bygdesamfunn. Kvar yrkjedag låg bygda der så godt som audsleg, berre nokre få bønder og ein og annan pensjonist var å sjå. Skulle ein møte sambygdingar, var det best sjanse til det om ein gjekk på Coop'en i Ulsteinvik etter avslutta arbeidsdag. Flø var med andre ord vorten som bygdesamfunn flest, uttynna og monoton og fattig på alt som kjenne-teiknar eit sunt lokalsamfunn.

Men sist på 90-talet og fyrst på 2000-talet skjedde det eit skift. Eit knippe arkitektar, skodespelarar, designarar, stylistar og baristaer etablerte seg med sine designarmøblerte arkitekthus og egne preferansar om det rurale (Flø, 2006). Grenda fekk nytt liv og ein ny dimensjon i debatten om kva grenda er og kva den skal vere. Etter kvart fekk, om ikkje bygda, så i alle fall nykomarane merksemd frå lokale, regionale og endåtil nasjonale media – og det rett mykje merksemd òg.

Samstundes med dette skiftet vaks Flø fram som eit reisemål, også på dagar

utan storbåre. Med etableringa av klesdesignarmerket Moods of Norway sin butikk og det nyopna kunstgalleriet som alt hadde hatt profilar som Damien Hirst på vitjing, var Flø vorten eit av dei hippaste reisemåla på heile ytre Søre Sunnmøre.

Flø sin bråe popularitet kvilar sjølvsagt ikkje einast på lyset og naturens estetik, som ein lett kan få inntrykk av om ein les oppslaga i aviser og vekeblad. Vel så viktig er den geografiske plasseringa og regionen si rivande økonomiske utvikling. Men kanskje aller viktigast er likevel innsatsen til eit par av nykomarane sjølve, i kombinasjon med ein generell retro-romantisk og ny-rural trend der grendene inngår som perfekt tilpassa representasjonar for ei jamt veksande norsk middelklasse med sans for havlys, blomstra dressjakker og kløyvde oksekalvar på sprit.<sup>2</sup>

## Spørsmålet

Det var i denne konteksten at dottera til bror min skulda meg for mesta å vere delansvarleg for vedtaket i løesaka, og ho har eit poeng. For det er slike som oss som er skuld i dette – slike som meg og deg, som les dette. Det er slike Ketil Skogen og Olve Krange (2007) kallar representantar for «det statsfinansierte segmentet av middelklassen». Folk med ei slags objektiv interesse i å oppretthalde eit hav av institusjonar som grip inn i og regulerer folk sin livsførsel. Me er agentar for dei autoriserte sanningane og forvaltarar av hegemonisk makt, kontinuerlig opptatt av å skape eit bygde-Noreg i vårt eige bilete (Flø, 2009). Det er me som avgjer kva bygdene skal tilby, det er me som fortel kva «marknaden» etterspør, det er me som snakkar om at bygde-Noreg er best omsetjeleg som «identitetsmarkerande representasjonar av meiningsberande ruralitet» (Flø, 2010).

Det er nemleg me som gir råda, det er me som reiser kring om i landet og held foredrag og skriv artiklar på både glansa og uglansa papir om suksessar i bygde-Noreg. Det er me som meiner ei vindskeiv løe på Ytrefløy har «... stort potensial om ein tenkjer seg næringsutvikling og turisme på Fløy»,<sup>3</sup> ingen andre.

Bonden sin ærlege og beinveges reaksjon fekk meg til å tenkje. For kva er det me gjer med bygde-Noreg, alle oss velmeinande prosjektfinansierte bygdeutviklarar, det vere seg forskarar og kringreisande konsulentar so vel som tilsette i stat og kommune som er sett til å forvalte bygdesamfunna våre? Har me vorte grendenes nye emissærar, slike som har «sett lyset» og meiner å ha fått kallet om å spreie den glade budskapen – ein budskap som einast oss sjølve eigentleg trur på?

I denne artikkelen vil eg, med utgangspunkt i denne konkrete og tilsynelatande vesle løesaka, ta lesaren med inn i det me kan kalle den nye distriktspolitikken. Eg vil drøfte bakgrunnen for satsinga på dei distingverande symbolprodukta som me

stadig vekk kan lese om. Eg vil syne kva tankar denne satsinga er tufta på, kva fenomen i samfunnsutviklinga som driv den og kva utslag det kan skape ute i grendene.

For det er særleg det siste som uroar meg – utslaget det kan skape. Det var nett eit slikt utslag eg meinte å sjå i augo åt dottera til bror min då ho skulda meg for å vere delansvarleg for vedtaket i løesaka. Kanskje er det på tide å stogge opp og tenkje? Kvar går norsk bygdeutvikling, og kven utviklar me bygdene for? Ligg framtida for grendene i dei statsstøtta bygdeutviklingsprosjekta for fremjing av den «lokale sjarmen»? Ligg den i evna til iscenesetjing av det lokale i kampen om å verte sett av tilfeldig forbipasserande? Eller er det einast med på å skape nye og djuptgripande ideologiske spenningar – spenningar mellom den nye og den gamle bygda – spenningar mellom grunnleggande syn på kva bygda er og kva den skal vere – spenningar mellom den vellukka middelklassa og dei andre?

## Tvilen

«Ja», fnøys ein kompis av meg. Eg møtte han nett idet eg sjølv kom ut av løa etter å ha teke den nærare i augesyn for å freiste finne ut kva stand den eigentleg var i. Bonden sjølv hadde gitt meg ein kopi av vedtaket som eg synte han.

«Eg synst eg ser det», sa han etter å ha lese brevet, «Aidensfield meg langt oppi ryggen».

«Så Güllik-Ola-stova skal verte Flø Arms...?» spør han retorisk, før han sjølv svarar. «Jauda, her er originalar nok, det står ikkje på det, men som forretningsidé ville eg ikkje ha satsa ein femmar eingong».

Han er nok ved kjernen her, kompisen min. For eg har eit inntrykk av at vanlege folk kring om i grendene ikkje trur på dette. Dei trur ikkje ei gamal motteten løe har nemneverdig «potensial om ein tenkjer næringsutvikling». Dei delar ikkje synet til verken Fylkeskonservatoren eller Ulstein kommune om kva som er gode forretningsidear, dei delar ikkje ideen om at framtida for bygde-Noreg ligg i å kopiere konsept verken frå dei greske øyane eller Goathland i Yorkshire der fjernsynsserien «Hjartet på rette staden» vert innspela. Dei delar ikkje «ekspertkunnskapen» levert av bygdesosiologane og landbruksøkonomane, forvalta av stat og kommune og materialisert gjennom offisielle satsingar på småskala landbruksprodukt, ruralt reiseliv, kontraurbaniseringsprosjekt og heile den postmoderne forståinga av den nye bygda. Snarare avviser dei den som irrelevant og verkelegheitsfjern dårskap kokt i hop på eit kontor i byen.

## Framstegspartiet

«Du ...?» sa kompisen min og såg ned på brevet som han enno heldt i handa. «Du veit det er slikt som gjer at me har slik framgang på meiningsmålingane». Eg hadde nesten gløymt det, men kompisen hadde stått på lista til Framstegspartiet og var no komen inn i kommunestyret. No meinte han at nett slike brev og slike vendingar frå forvaltinga er med på å fyre oppunder folk flest sin grunnleggande mistru til forvaltinga generelt og byråkratane spesielt.

Ved å hevde dette plasserte kompisen min løesaka midt i debatten som då rasa i den norske offentlegheita. For igjen, året var 2007, og landet var i full gong med å drøfte kva som var årsaka til Framstegspartiet sin enorme framgang.

Martin Kolberg hadde vore på samling med LO og stilt det høvelige spørsmålet om kvifor så mange av medlemmane deira stemte på Framstegspartiet, eit parti som – slik han såg det – ikkje gjorde nemneverdig gagn for dei, snarare tvert om. I USA hadde den framgangsrike journalisten Thomas Frank skrive boka *What's the matter with America?* (Frank, 2006), og vår heimlege Magnus Marsdal hadde nett slept boka *Frp-koden: Hemmeligheten bak Fremskrittspartiets suksess* (Marsdal, 2007).

Sjølvs hadde eg nyleg lest Olve Krange og Ketil Skogen (2007) sin glimrande artikkel «Kodebok for den intellektuelle middelklasse» i *Nytt Norsk Tidsskrift*, og tenkte kompisen min nok kan ha rett. Medan bygdefolket i Østerdalen avviser rovdyrforskarane sine bestandsestimat og aktivt ignorerer ekspertanes råd om helse og ernæring (Krange og Skogen, 2007), undrar folk på Flø seg over kva som held på å skje i forvaltinga som trur det går an å gjere pengar på såpekoking og lindukar.

«Dei må då ha gått heilt av hengsla!» sa Per'en, og lurte på om «... dei ikkje har større tillit til folk sin forretningssans?»

«Eg er ikkje i tvil ... hadde denne løa vore slik ei gullgruve som han Indresøvde<sup>4</sup> trur, hadde den jaggu ikkje fått stått i ro lenge ..., nei sopass kjenner eg grannane mine».

Sjølvs Astrid, som har vore sjølve motoren i mykje av det kristne organisasjonsarbeidet i grenda og som elles pleier vere nokso var i uttalingane sine, såg no ut til å vere opprørt.

«Alt har blitt slik her no» sa ho, og meinte at «det er som å bli invadert ... dei let oss ikkje bestemme noko slag lenger».

## Kommodifiseringsideologi og rural gentrifisering

Ja, ho har nok eit poeng, ho Astrid òg. Det har skjedd noko med bygdene – ting har endra seg – og eg har ei sterk kjensle av at det er fleire enn Astrid som kjenner seg invadert og umyndiggjort i bygde-Noreg om dagen. For i takt med kapitalismen sin ibuande hang til stadig å endre seg, følgjer også grendene og grendefolket med på endringane. Og endringane kan me lese i landskapet, både det materielle fysiske landskapet og det sosiale og mentale landskapet, me kan lese det i røynslene åt dei som lever i og med landskapet og i forteljningane dei fortel. Alle endringane er koplå saman med skiftande økonomiske og kulturelle forhold. På same måte som økonomiske eller kulturelle skift kan skape grunnlag for teknologisk eller institusjonell nyskaping, kan også sjølv nyskapinga stimulere til betydelige økonomiske eller kulturelle endringar. Slik må også framveksten av «den nye bygda» forståast. Oppkomsten av *den nye bygda* heng saman med at *den gamle bygda* endrar seg, og med det følgjer den nye økonomien.

Skilnaden mellom det nye og det gamle ligg i relasjonen mellom produksjon og forbruk, hevdar den britiske geografen Paul Cloke (1993). Den ligg i at dei rurale områda i aukande grad har vorte gjenstand for forbruk og ikkje einast produksjon (Cloke, 1993; Lowe m.fl., 1993). Den nye økonomien veks fram der den gamle feila. Såpestykkå og lindukane formeleg gror ut av hjulspora etter det produktivistiske landbruket og omdefinerer meiningsinnhaldet i bygde-Noreg. Stadig fleire ting vert gjort til ei vare i den nye økonomien. Det skjer ei *kommodifisering* av det rurale – rural kultur og rurale relasjonar og praksisar.

### Forbruket

Sjølv omgrepet kommodifisering er i litteraturen nytta på to måtar. Det refererer til omdanninga av ein ting, ein idé eller ein person til ei vare (*commodity*). Då snakkar delar av litteraturen helst om kommoditisering (*commoditization*) eller altså varedanning. Den andre forståinga av omgrepet refererer til dei større sosiale prosessane i det at stadig fleire ting, som menneskelege relasjonar, idear og folk, vert gjort om til ei vare. Felles for begge desse forståingane er likevel at sjølv kommodifiseringsprosessen vert sett som symptomatisk for korleis kapitalismen trengr seg stadig lenger inn og opptek ein jamt større plass i folks daglege virke (Cloke m.fl., 2005).

Skal ein forstå kommodifiseringa, kan ein gjere som Harvey Perkins (2006) eller Michael Woods (2011, 2005), nemleg å gå til ein mykje brukt artikkel av Steven Best (1989) i tidsskriftet *Current Perspectives in Social Theory*. Best snakkar

om tre stadier, og presenterer dei som ein slags progresjon der me går frå det han kallar (1) «the society of the commodity» (varesamfunnet) til (2) «the society of the spectacle» (skodespelarsamfunnet) og deretter til (3) «the society of the simulacrum» (simuleringsamfunnet).

På det fyrste stadiet, *varesamfunnet*, er vara sin bytteinverdi spegla opp mot bruksverdien. Ein ting vert ei vare idet bytteinverdien overgår bruksverdien, ein transformasjon som innanfor marxistisk teori vert omtala som kommoditisering. Kommoditiseringa understøttar marknadsøkonomien og gjer at gulrota vert viktigare som handelsvare for bonden enn som mat for bondefamilien. Gulrota går, altså for bonden, frå å vere mat til å verte ei matvare. Den går frå det å vere maten bondefamilien et til å verte det som skaffar maten bondefamilien et. Me opplever altså det Inge Krokann alt i 1942 døypte «det store hamskiftet» (1982). Bøndene ikledde seg den nye tida med nykjøpte slåmaskiner og separatorar, og starta selje smør og rømme til ein jamt veksande marknad i byane og industristadane under fossane.

Hamskiftet hadde konsekvensar langt utover bøndene. Etter kvart såg me det Best (1989) kallar ein transformasjon over i *skodespelarsamfunnet*. Ideen hadde Best frå den franske filosofen og forfattaren Guy-Ernest Debord (1977), som i 1967 utgav boka *La Société du spectacle* (*The Society of the Spectacle* på engelsk). Rikdomen vår gjer at me lever i eit samfunn prega av iscenesette liv, hevdar Debord, og meiner me omgir oss med gjenstandar og folk utan anna formål enn å projisere oss sjølve gjennom dei. I dette samfunnet går gulrota gjennom enno ein transformasjon. No er den ikkje lenger einast ei matvare, men fylt med ideen om autentiske opplevingar idet me ser bonden bøye seg i åkeren og legge opp stablar av ferske gulrøter som blenkjer i den klare haustlufta rett utom døra for den sørvendte gardsbutikken.

Alt som skjer og alt me oppnår i livet vert gitt symbolske verdiar utan umiddelbare referansar til det faktiske innhald (Debord, 1977). Kommodifiseringa, sett i lys av skodespelarsamfunnet, forklarar Perkins (2006), er eit produkt av ein livsstil der me forbrukar ei verd laga av andre heller enn å produsere vår eiga. I dette *massekonsumet* ligg den sosiale kontrollen som vert vedlikehalden og styrka gjennom eit stadig eskalerande forbruk med den konsekvens at det pasifiserer og avpolitiserer oss. Opiumet er ikkje lenger Gud, for å halde oss til den marxistiske retorikken, men kommodifiserte formar for fritid og underhaldning. For det er berre tilsynelatande, seier Debord, at konsumet stettar folk sine behov, i røyndomen går me kollektivt inn i ein ny form for deprivasjon. Me spelar eit skodespel – eit *spectacle* – der me ber på ein konstant attrå etter mål som einast skaper kjensle av tomheit. Ved overgangen til skodespelarsamfunnet går me frå det Marx



ein gong kalla *havesyke*, altså frå det å vere mesta sjukeleg opptekne av å ha eller eige ting, til det Debord no kallar *appearing*. Me går inn i ein tilstand der imaget tek makt over det materielle objektet og reduserer det til einast å fungere som pidedestallar for eksponering av eigen identitet. Eller som Steven Best seier det sjølv:

... the universalization of the commodity form is to be seen as the reduction of reality to appearance, its subsumption to commodity form, its subsequent commodification (Best, 1989: 32).

Den siste transformasjonen Steven Best (1989) trekker fram, *simuleringssamfunnet*, er tungt inspirert av arbeidet til ein annan fransk filosof, nemleg Jean Baudrillard (1983a, 1983b). Her tek kommodifiseringa eit steg vidare inn i ei slags hyperverkelegheit. No har gulrota fått enno ein eigenskap: i tillegg til å vere både ei matvare og ei oppleving, har den no også vorte representasjonar. No vert den sett på bordet når gjestane kjem – gjerne rå som snacks eller køyrte gjennom ein hurtigmiksar og gjort til smoothies – for å fortelje besøket, eller ein tilsynelatande tilfeldig ukebladjournalist, at her i huset er me sunne og friske menneskjer, før dei legg til noko slikt som «... du skulle bare vite hvor mye mer harmonisk livene våre er blitt etter at vi begynte med rawfood» (*Tara Smak*, 2011). Alt er kulissar, alt er symbol og ingenting er ekte.

Slik Baudrillard skildrar det postmoderne samfunnet, skildrar også Best *simuleringssamfunnet* til å vere basert på eit ytterlegare eskalert konsum og avansert informasjonsteknologi. Paul Cloke (1993) forklarar det som at i dette samfunnet skjer byttet eller utvekslinga på eit nivå av teikn, bilete og informasjon. Kommodifiseringa handlar ikkje lenger einast om å selje ting i form av eit bilete eller ei førestilling, men om ein abstrakt absorbering av objektet inn i biletet eller førestillinga, og på den måten kan sjølv utvekslinga skje i semiotisk forstand. Det nye konsumet er no eine og aleine organisert kring teikn, og består av varer utan verken materialitet, form eller basis i realitetane. Det nye konsumet er eit konsum av hyperverkelege varer utan anna bruksverdi enn bytteverdien.

### Kommodifisering av det rurale

Sjølv om omgrepet kommodifisering kan vere noko komplisert og tungt med alle sine postmoderne abstraksjonar, vil eg likevel tru det er eit nyttig omgrep for den som ønskjer å forstå endringane grendene er utsett for i dag. For det er innanfor dette nye forbruket at grunnlaget for mykje av dei nye satsingane i bygdene ligg. Det er også her du finn idébasen for småskala nisjeprodukt i landbruket. Det er dette nye forbruket forbruksforskarane snakkar om når dei hevdar at mat ikkje berre er mat, men også fylt med innhald som natur og kultur (Jacobsen, 2003).

Det er frå tenkjarar som Baudrillard og Debord at ideen har spreidd seg. Ideen som har føra retorikken og gitt oss trua på at om bøndene berre lærer seg å stimulere forbrukarane sin hunger etter distingverande symbolprodukt, då vil marknaden syte for både rikdom og velstand (Flø, 2010, 2009). Det er i koplinga mellom den nye rikdomen vår – eller rettare forståinga av forbruket rikdomen mogleggjer – og marknadsøkonomien, at det tankemessige grunnlaget for den nye distriktspolitikken ligg.

Sjølv om dåverande landbruksminister Lars Sponheim kanskje ikkje veit kven Baudrillard er, var det likevel lett å høyre eit visst postmoderne gjennomslag i talen han heldt på den nasjonale kongressen for økologisk landbruk i november 2003. «Dette er vegen ut av uføret vi har hamna i», sa han (Sponheim, 2003), og snakka om nisjeprodukt som Skjåskinka og ost frå Den blinde ku. Dette er vegen vidare «i den mogne marknaden», meinte han, og refererte med det til råda frå innovasjons- og forbruksforskarane. Bønder og bygdefolk vart fortalt at no laut dei sjå til å vere innovative og utvikle potensialet som låg i forbrukaren sin hang til å ville framstille seg sjølv gjennom ostar som ber i seg historier egna som representasjonar på det vellukka livet.

Og representantane for bøndene sjølve lente seg på økonomen Erik Reinert (1997) og rapporten som etter kvart fekk namnet «Reinert-rapporten», og såg utviklinga av nye marknader som ein måte å få verdiskapinga attende til næringa (Flø, 2003).

Landbruksbyråkratar, tilsette og tillitsvalte i bondeorganisasjonane samt ein og annan meinig medlem henta inspirasjon frå kontinentet og frå land med «tradisjonar». Frå land med fleire ostetypar enn det er kommunar her heime, frå land som har skapt parmaskinke, champagne og roquefort. Dei reiste til Alpane og såg byfolk feriere på gardane. Dei såg gode døme på velutvikla gardsturisme i tett integrasjon med matkultur og velfrisert kulturlandskap. Og dei kom heim med ny glød og held fram det flittige arbeidet dei alt hadde starta.

### Reklame, folk og det rurale blikkefang

Kommodifiseringa inneheld også meir abstrakte komponentar. Stilla, estetikken, utsikta og den friske lufta vert på same måte transformert og omsett til konsum for profitt, anten direkte i form av inngangspengar til eit eventuelt oppbygd utsiktspunkt eller indirekte gjennom bileta og språket nytta i marknadsføringa. Kommodifiseringa bidreg til delvis å gjenskape, men også nyskape, meiningsinnhaldet med det som vert kommodifisert. Det skjer i prosessen der produsent og konsument møtest, og det involverer dei begge like mykje (Bell, 2006; Crouch, 2006; Perkins, 2006). Det skjer i kampen om merksemda, i kampen om å ville bli sett i

hopen av tilbydarar, det skjer i strevet etter attraktivitet – etter å samsvare med forventingane konsumentane har om det rurale, forventingar skapt og forma av lag på lag med kulturell påverking (Woods, 2011).

Fotografar, grafikarar, tekstforfattarar og stilistar, alle driver dei aktivt og presenterer grendene og det rurale. Dei framstiller røyndomen slik dei meiner kunden vil ha den, dei flyttar den nyaste traktoren ut av biletet og let den gamle stå. Dei leier mjølkekyra inn på setervollen, dei vaskar og steller ho og børstar både rompa og panna slik at ho framstår like lytefri som ein pinup-modell i sportsbilreklamane. Bondekulturen og bygde-Noreg skal seljast for millionar, og då lyt dokka pyntast. Alle bidreg dei til konstruksjonen av ein simulert ruralitet som inngår i den kontinuerlige definisjonen av kva det rurale er og kva det skal vere.

Årrekkjer med reklame og marknadsføring har fyrt godt oppunder fetisjeringa av rurale klisjear og mytar. Rekkevidda til dei materielle objekta har blitt utvida med kommodifiseringa til å omfatte de fleste aspekta av menneskes liv i industrialiserte land. Det finst mesta ingen ønskje eller behov som ikkje alt er knytt til eit eller anna objekt produsert for profit. Eller for å seie det med Mark Gottdiener (2000: 9): «... forbrukarsamfunnet er fetisjering sett i system». Marknadsføring er dermed tett knytt opp til det Torstein Veblen (2005) alt i 1899 kalla «conspicuous consumption» og ber i seg sosial meining og formar basisen for eit statushierarki tufta på sosiale distinksjonar.

### Postmoderne ruralitet

Vareøkonomien, eller den kommodifiserte økonomien, skapte rom for ny bruk av bygningar og areal som ikkje lenger hadde same bruksverdi som før. Me såg frittstående kårstover og trønderlån verte innreia til feriebusadar etter kvart som sjølingane helst ville ha hus som egna seg til å verte gamle i. Me såg hamnehagar verte omgjort til campingplassar og utrangerte sjøbuer røyse seg i ny drakt med gardiner i vindauga. Gjennom å kunne tilby utsikt, vakkert kulturlandskap, eit vikingspel i ny og ne og eit breitt utval av tema for kontemplasjon og tradisjon, vart grendene viktige bidragsytarar til «the society of the spectacle» og dermed også til pasifiseringa og avpolitiseringa av samfunnet (Woods, 2011).

Ved hjelp av enkle teknologiske hjelpemiddel var steget kort over til simuleringsamfunnet. Snart sat ikkje turisten stille på terrassen og såg sola gå ned i vest, snart vart det viktigare å feste solnedgangen på minnebrikka og få lagt den ut på Facebook saman med eit fyndig «twit» på 140 teikn. Det er ikkje tingen i seg sjølv, heller ikkje sjølve opplevinga, som er gjenstand for vår merksemd. Derimot er det kopien av det, i biletet, i fiksjonen, i målinga, sitatet, dokumentasjonen eller erindringa (Larsen, 2009). Tingen høyrer heime i eit tilbaketrukk stadium saman med

omgrep som originalitet og autentisitet. Det gjesten søker i det rurale er symbol som kan fortelje historia slik han ønskjer den fortalt.

### Nye rurale ressursar

Dei siste 10 til 15 åra har me sett ei endring i måten me tenker på bygda. Eg har tidlegare kopla denne endringa saman med den *kulturelle vendinga* i bygdesosiologien og argumentert for at denne tenkjemåten også har praktiske implikasjonar for bygdeutviklinga (Flø, 2010, 2009). Frå å ha handla om «hard-core» verkemiddel som infrastruktur, distriktsutjamning, kanaliseringpolitikk og differensiert arbeidsgivaravgift, har me kunne vitne ei aukande interesse for dei kulturelle faktorene sin betydning for utviklinga i distrikta.

Med den kulturelle vendinga kom også interessa for den moderne, eller rettare den post-moderne, forbrukaren. Landbruket og dei agrare grendene gjekk for alvor inn i den post-produktivistiske tida, og frå no av skulle det produserast spesialprodukt for middelklassa og kollektive godar som biologisk mangfald og vakre landskap. Med Landbruks- og matdepartementet i baugen vart bønder og skogeigarar gitt seglingsvind gjennom den nye leia som var staka ut i stortingsmeldingane (St.meld. nr. 17 (1998–1999); St.meld. nr. 19 (1999–2000)). Bønder og skogeigarar lyt take heile gardens ressursar i bruk, var instruksen. Utmark som innmark skulle kommodifiserast. Godar som hittil hadde vore mesta som fellesgodar å rekne, skulle no gjerast om til kapitalaggregerande varer (Flø, 2012). Med *tillagde verdiar og identitetsskapande opplevingar* skulle det bøtast på jamt lågare prisar på poteter og tømmer. Med «gode historier» og solskinsbilete på glansa papir vart bygde-Noreg presentert til liks som ei vare, og grendene tok steget inn i den nye økonomien.

### Trendy liv i rurale kulissar – kontraurbanisering

I enkelte land, særleg England og delvis også USA, har me sett ei tilstrøyming av urbane menneskjer til bygdene. Denne utviklinga har dels vore sett saman med byane sine vekstmerter og dels med auken i folk som innehar «frie yrkjer» (Bell, 2007, 1994). Den utprega fleksibiliteten desse yrkja gir, kombinert med den infrastrukturelle utviklinga både innan transport og kommunikasjonsteknologi, gjer det mogleg å «flykte» frå dei trasige byane og busette seg i «idylliske» landlege omgivnadar. Likevel finn me lite kontraurbanisering her til lands. Kanskje skuldast det at byane våre rett og slett er for gode? Kanskje skuldast det at det er for kort veg til bymarka og at bylufta er for rein til at ein finn bygda meir attraktiv? Kanskje skuldast det at byens lokalsamfunn har like mykje å tilby som grendesamfunna? Eller kanskje er det slik at ruraliteten andre lands kontraurbane søker, finn

me nordmenn like gjerne i byane? Kanskje er tomtene i bustadområda kring byane våre passe store til at kvar og ein av oss opplever å ha armslag nok? Eller er det slik at vår utprega hyttekultur er med på å demme opp for kontraurbaniseringa, og at me «shoppar» ruralitet når me ønskjer det og dermed ikkje treng å flytte på bygda for å leve ut våre rurale draumar? Kanskje opplever me at byane våre er vel så trygge og sunne som bygdene? Og at me dermed ikkje treng bygda i stor nok utstrekning til at det gir signifikante utslag på Statistisk sentralbyrå sine flyttestatistikkar?

Ideen om den urbane småbarnsfamilien som sit og ventar på den rette augneblinken til å realisere draumen om småbruket har likevel sett seg i norsk forvaltning gjennom ei serie av tilbakeflyttarprosjekt og *bulystmidlar*. Når bygdene gjer seg lekke for unge nyutdanna urbane, stadfestar dei også det veterinær, frilansjournalist og «riksprovokatør» Anne Viken skriv i *Syn og Segn*. Nemleg at «[n]orsk distriktsmarknadsføring har eit snev av elitisme over seg» (2009: 47). I sin bitande kritikk av Sogn og Fjordane sin satsing på til- og tilbakeflyttarar, hevdar Viken at marknadsføringa av distriktet ikkje lenger handlar om motkultur og det unike, men om kommersialisering av naturressursar og bustadar. Kontraurbaniseringa kviler på eit ønskje om folk i grendene. Men kontraurbanistane sjølve ber også på eit ønskje, eit ønskje om å involvere seg i Thorstein Veblen (2005 [1899]) sitt *conspicuous consumption*. Me ser det når dei pralar med rikdom og smak, når dei bygg store arkitektheikna hus med vindauge utan gardiner og når dei set seg til i fjørsteinane og et grissini ein heilt vanleg yrkjedag og utspelar sine trendy liv i rurale kulissar.<sup>5</sup> Kontraurbaniseringa kvilar på antiurbane strøymingar og romantiserte kjensler for ein stilisert rural idyll (Perkins, 2006), ein idyll forvalta og dyrka gjennom prosjektmakarane sin bodskap om at me alle skal leve ut våre draumar om det lukkelege livet på landet.

Den skotskfødde professoren i offentleg politikk, John Rennie Short (1991), hevdar at mange av dei ny-rurale tilflyttarane er ukjende med realitetane som gjeld for landbruket og det rurale næringslivet. For dei kjem det som eit sjokk, hevdar han, at det dei trudde einast var rein og grøn idyll faktisk kan vere både støyande, skittent og brutalt, og somme tider luktar det også vondt. Nokre eks-urbane freistar å reinvaske deira nye omgivningar ved å etterspørje tiltak frå lokale myndigheiter som kan bidra til å regulere det dei ser som forureinande aktivitetar (Flø, 2006; Perkins, 2006). Her gryr det til konflikt mellom bønder og andre som lever og verkar i grendene og dei ny-rurale, ei konflikt om kva det rurale er og kva det skal vere (Cloke og Little, 1997). Det føregår altså ein kamp om makt og middel til å definere det rurale, og dermed også kva lei utviklinga skal gå i grendene.

## Mistillit og kulturell motstand

Antropologen Dag Jørund Lønning nyttar eksistensfilosofi og metaforen «å sitja i førarsetet i eige liv» for å illustrera det rom me menneske har til å velja korleis me ønskjer å leve livet vårt og kva verdiar som skal leggjast til grunn (Lønning, 2007). I ein kronikk i *Bergens Tidende* hevdar Lønning at «[m]e lever i ei tid som dyrkar urbanitet forstått som nytande konsum, som det å vera tilskodar, som det å bli underhalden», og at grendene «speglar» seg i «byen sitt bilete» (2011). Sjølv om eg nok trur Lønning overdriv by–land-skiljet, har han likevel eit underliggende argument som eg kjenner eg kan støtte han i. For i vårt strev etter å gjere oss lekke for «dei andre» – i tydinga turistar, tilreisande og potensielle tilbakeflyttarar – gløymer me kvarandre, me gløymer bygdefolket og dei som bur der og som alltid har budd der og som tenkjer seg å halde fram med å bu der. Me overser og ignorerer kvardagslivet åt bygdefolket og formar bygdene etter det me trur dei andre vil ha.

I ein artikkel i *Jakt og Fiske* fortel Budalsbonden Arve Olav Sæter at «[m]ange tilflyttere drar sin vei [...], jeg kunne kanskje tenkt meg litt mer fokus på oss som tross alt blir her. Og helst med overskriften 'En vanlig familie på landet'» (2010). Med det illustrerer han den ideologiske spenninga – ikkje berre mellom den nye og den gamle økonomien, men like mykje mellom den nye og den gamle bygda – spenninga mellom grunnleggande syn på kva bygda er og kva den skal vere. Han set ord på sine eigne kjensler av å ikkje bli sett og kanskje endatil ikkje bli verdsett med det han og hans like bidreg med til bygda og bygde-Noreg.

For dei trur ikkje på det, bygdefolket. Dei trur ikkje såpekoking og lindukutsal frå ei vindskeiv løe er vegen å gå for bygdene. Vanlege bygdefolk kjenner seg ikkje heime i biletet den statsfinansierte middelklasseeliten teiknar av framtidens bygder. Dei opplever seg rett og slett tilsidesett og umyndiggjort i den offentlege debatten om kva retning bygdene skal utvikle seg i. I den offentlege debatten om framtidige vegval for bygdene opplever bønder og andre som har budd og verka i grendene i generasjonar at deira «standing» er redusert. Dei opplever at deira praksis i aukande grad vert utfordra av andre – av naboane, besøkande og tilfeldig forbipasserande. Dei opplever at media ignorerer dei – ja, enda fordømmer dei – og at ulike interessegrupper, gjerne utanbygds frå, køyrer «kampanjar» mot dei. Tradisjonelle rurale interesser vert utfordra med nye aspekt knytt til livskvalitet som nykomarar og andre sjølve søker i det rurale, som rein natur, stillheit, estetikk og villmark, aspekt som har høgare standing i den offentlege debatt og vert livleg forfekta av «det offisielle mennesket», eller av «buktalaren som snakkar i offentlegheitas namn», for å sitere Pierre Bourdieu (2012). «Dei er ressurssterke og snakkar for og i staden for gruppa dei vender seg til», hevdar Bourdieu

vidare, «... dei snakkar for og i staden for alle, og dei snakkar som representantar for det universelle».

Eg snakka med fleire Flø-folk desse par dagane i heimbygda mi, og sjargongen og ordbruken som dei brukte i omtale av løesaka gav meg assosiasjonar til dei same klassiske studiane som Krange og Skogen (2007) nytta som grunnlag for sin artikkel. Både *Arbeiderkollektivet* av Sverre Lysgaard (1985) og *Learning to Labour* av Paul Willis (1977) syner at vanlege folk sin avvising av offisiell kunnskap er viktige element i eigen sjølvhending og identitetskonstruksjon. Og eg tenkte at det er grunn til å minne politikarar så vel som forskarar og prosjektmakarar om at me treng å vere varsame. Me treng å erkjenne vår eigen privilegerte posisjon og søke å tilsidesette oss sjølv frå representasjonane si utstråling og formidle mangfaldet av stemmene som finst i det rurale. Me treng å ha i minne det Trevor J. Barnes og James S. Duncan (1992) nemner, nemleg at me lyt vere vare for kor langt me kan hevde å ha forlate våre eigne førestillingar (*representasjonar*) og interesser i forskinga, gitt at det mesta alltid er forskarane sjølve som har initiert og definert forskingsprosjekta. Det er me sjølve og venene våre som bestemmer kven og kva grupper og tema det skal forskast på.

## Om forfatteren

*Bjørn Egil Flø* er tilsett som forskar ved Norsk senter for bygdeforskning. Flø har ein brei forskingsportefølje ved Bygdeforskning og har arbeidd på tema som økologisk landbruk, forvaltning av utmark, landbrukspolitikk og bygdekultur – for å nemne noko.

E-post: [bjorn.flo@bygdeforskning.no](mailto:bjorn.flo@bygdeforskning.no)

## Noter

- 1 SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminner i Noreg. Namnet er ei forkorting for SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner.
- 2 For den som tykkjer «kløyvde oksekalvar på sprit» verkar noko kryptisk, kan eg tilrå eit søk på Damien Hirst ved hjelp av ein av internettets mange søkemotorar og finne ein presentasjon av kunstnaren som i 2008 hadde utstilling i den nedlagde skulen på Flø.
- 3 Sitat frå Saksframlegg, Ulstein kommune, arkivsak 06/00559.
- 4 Erling Indresøvdre var teknisk sjef i Ulstein kommune og den som hadde skrive under vedtaket frå kommunen.
- 5 Jamfør Flø (2006) og essayet «Utanfor folkeskikken» i *Syn og Segn* 2/2006.

## Referansar

Barnes, T. J. og Duncan, J. S. (1992) *Writing Worlds: Discourse, Text and Metaphor in the Representation of Landscape*. London: Routledge.

- Baudrillard, J. (1983a) *In the Shadow of the Silent Majorities*. New York: Semiotext(e).
- Baudrillard, J. (1983b) *Simulations*. New York: Semiotext(e).
- Bell, D. (2006) Variations on the Rural Idyll. I Cloke, P., Marsden, T. og Mooney, P. (red.) *Handbook of Rural Studies* (s. 149–161). London: SAGE Publications.
- Bell, M. M. (1994) *Childerley*. London: University of Chicago Press.
- Bell, M. M. (2007) The Two-Ness of Rural Life and the Ends of Rural Scholarship, *Journal of Rural Studies*, 23: 402–415.
- Best, S. (1989) The Commodification of Reality and the Reality of Commodification: Jean Baudrillard and Post-Modernism, *Current Perspectives in Social Theory*, 19: 23–51.
- Bourdieu, P. (2012) Slik skapes offentlige debatter. Forelesninger ved Collège de France 1989–1992. Gjengitt i *Le Monde Diplomatique* (norsk utgave), januar 2012.
- Cloke, P. (1993) The Countryside as Commodity: New Rural Spaces for Leisure. I Glyptis, S. (red.) *Leisure and the Environment* (s. 53–67). London: Belhaven.
- Cloke, P., Crang, P. og Goodwin, M. (red.) (2005) *Introducing Human Geographies* (2. utg.). London: Hodder Arnold.
- Cloke, P. og Little, J. (1997) *Contested Countryside Cultures: Otherness, Marginalisation and Rurality*. London: Routledge.
- Crouch, D. (2006) Tourism, Consumption and Rurality. I Cloke, P., Marsden, T og Mooney, P. (red.) *Handbook on Rural Studies* (s. 355–364). London: SAGE.
- Debord, G. (1977) *Society of the Spectacle*. Detroit, MI: Black & Red.
- Flø, B. E. (2003) Økologisk landbruk – frå konfrontasjon til koalisjon. I Jacobsen, E., Almås, R. og Johnsen, J. P. (red.) *Den politiserte maten* (s. 105–134). Oslo: Abstrakt forlag.
- Flø, B. E. (2006) Utanfor folkeskikken – ei forteljning om nye bygdefolk, *Syn og Segn*, 2: 6–15.
- Flø, B. E. (2009) Vondtet i norsk bygdeutvikling, *Syn og Segn*, 3: 76–80.
- Flø, B. E. (2010) Bygda – forståing og implikasjonar, *PLAN*, 5: 20–25.
- Flø, B. E. (2012) Arealpress i utmark, *PLAN*, 3–4: 76–79.
- Frank, T. (2006) *What's the Matter with America? The Resistible Rise of the American Right*. London: Vintage.
- Gottdiener, M. (2000) *New Forms of Consumption: Consumers, Culture, and Commodification*. Lanham, MD.: Rowman & Littlefield.
- Jacobsen, E. (2003) Mat som diskurs. I Jacobsen, E., Almås, R. og Johnsen, J. P. (red.) *Den politiserte maten* (s. 39–63). Oslo: Abstrakt forlag.
- Jakt og Fiske* (2010) Jegeren – gull verdt for bygda. 3/2010.
- Krange, O. og Skogen, K. (2007) Kodebok for den intellektuelle middelklassen, *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3: 227–242.
- Krokann, I. (1982 [1942]) *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*. Oslo: Samlaget.
- Larsen, T. (2009) *Den globale samtalen. Om dialogens muligheter*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Lowe, P., Murdoch, J., Marsden, T., Munton, R. og Flynn, A. (1993) Regulating the New Rural Spaces: The Uneven Development of Land, *Journal of Rural Studies*, 9: 205–222.
- Lysgaard, S. (1985) *Arbeiderkollektivet: En studie i de underordnedes sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lønning, D. J. (2007) *Fridomen til å skapa: Alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling*. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap.
- Lønning, D. J. (2011) Å verdiskapa eller bli verdiskapt?, *Bergens Tidende*, 06.02.2011.



- Marsdal, M. E. (2007) *Frp-koden: Hemmeligheten bak Fremskrittspartiets suksess*. Oslo: Manifest.
- Perkins, H. C. (2006) Commodification: Re-Resourcing Rural Areas. I Cloke, P., Marsden, T. og Mooney, P. (red.) *Handbook of Rural Studies* (s. 243–257). London: SAGE.
- Reinert, E. S. (1997) *Det tekno-økonomiske paradigmeskift – konsekvenser for norske distrikts- og ressursbaserte næringer*. Rapport nr. 1/97. Oslo: Norsk investorforum.
- Short, J. R. (1991) *Imagined Contry*. London: Routledge.
- Skogen, K. og Krange, O. (2007) Når makta møter motstand, *Klassekampen*, 13.12.2007.
- Sponheim, L. (2003) *Tale for Den nasjonale kongress for økologisk landbruk*. Upublisert manuskript. St.meld. nr. 17 (1998–1999) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*. Oslo: Landbruksdepartementet.
- St.meld. nr. 19 (1999–2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*: Oslo: Landbruksdepartementet.
- Tara Smak* (2011) Linn Stokke – vegetarianer og raw food-entusiast. (2/2011)
- Veblen, T. (2005 [1899]) *The Theory of the Leisure Class: An Economic Study of Institutions*. Delhi: Aakar Books.
- Viken, A. (2009) Den store image-strabasen, *Syn og Segn*, 2: 40–48.
- Willis, P. E. (1977) *Learning to Labor: How Working-Class Kids get Working-Class Jobs*. New York, NY: Columbia University Press.
- Woods, M. (2005) *Rural Geography*. London: SAGE.
- Woods, M. (2011) *Rural*. London: Routledge.